driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.

Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.

Vurdering og konklusjon:

Arealet det er søkt om å dele frå består av jorddekt fastmark og dels dyrkbar jord. I 2014 var det løyvd midlar frå Særskild miljøtilskot i jordbruket (SMIL) til å sette i stand utmarksgjerdet på Moltu. Hensikta med tiltaket var å ha dyr på beite i utmarka. Utmarksgjerde er bygd slik at det går i grensa til den omsøkte hustomta og avskjerer tilkomsten til tomta. Viss det vert gitt løyve til å dele frå hustomta må det settast som eit vilkår at utmarksgjerde skal flyttast i øvre og bortre kant av tomta. Flytting av gjerdet eller oppsetting av nytt gjerde må settast opp på søkjar si rekning.

Vi meiner likevel det er uheldig å skilje ut ei bustadtomt i LNF området, slik det er søkt om, då det er i strid med kommuneplanen. Vi rår difor i frå at det vert gitt løyve til omdisponering av 1 dekar dyrkbar jord jmf. §9 i jordlova. Vi rår og i frå at det vert gitt løyve til å dele frå 2,1 dekar jmf. §12 i jordlova.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg

Vedlegg: Gardskart for 60/64



Statens vegvesen



**Møre og Romsdal
fylkeskommune**

Herøy kommune i Møre og Romsdal
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/telefon:
Hallvard Sæverud / 93260501

Vår referanse:
17/192704-3

Dykkar referanse:
2017/936


Vår dato:
17.11.2017

Fv 10 – Herøy kommune – Gnr. 60 bnr. 64 – Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på oppretting av bustadtomt

Viser til brev av 18.10. 2017 frå Herøy kommune. (Motteke av Svv 30.10.2017.)

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel med sikte på oppretting av ei bustadtomt under eigedomen gnr 60 bnr 64.

Tomtearealet det vert søkt om er i kommuneplanen omfatta av arealkategorien landbruk-, natur- og friluftsføremål (LNF-område), og ligg innanfor faresone for ras- og skredfare.



Utsnitt av kart vedlagt brevet frå kommunen, med tomteplassering vist på kommuneplankartet

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegane, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegane. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegane på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Tilkomst til omsøkte tomt må verte frå fylkesveg 10 via privat veg. Langs fylkesvegen er det ikkje eiga vegløyning for gåande/syklende, men i kommuneplanen er det lagt inn framtidig gang- og sykkelveg langs vegen på strekninga til skulen i bygda.

Skilta fartsgrense på fylkesvegen ved omsøkte tomteareal, på strekninga mot skulen, er 50 km/t og årsdøgntrafikken 1150 (2016), ifg. Nasjonal vegdatabank.

Etter vår vurdering vil eventuell oppretting/etablering av omsøkte tomt ikkje vere i tråd med målsetjingar nedfelt i Herøy kommune sin kommunedelplan for trafikktrygging 2015–2018, plan vedteken av kommunestyret 17.12.2014. Som kjent står det i planen m.a; *«Alle trafikantar og spesielt utsette grupper som barn, eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og elles mjuke trafikantar, skal føle seg trygge når dei ferdast langs vegane».*

Viser elles til § 19–2 i plan og bygningslova der det står slik m.a; *«Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering».*

Slik vi ser det er det i høve til rådande trafikale tilhøve på fylkesvegen ikkje tilrådeleg å dispensere frå arealbruken i kommuneplanen med sikte på oppretting/etablering av tomt som medfører auka ferdsel av mjuke trafikantar på vegen.

Konklusjon – oppsummering:

Statens vegvesen rår etter dette ifrå at det vert dispensert frå kommuneplanen som omsøkt.


Plan og trafikkseksjonen
Med helsing

Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Hallvard Sæverud

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE



Målestokk 1:2500 ved A4 stående utskrift





**FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL**

Saksbehandlar, innvalstelefon
seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Vår dato
17.11.2017
Dykkar dato
30.10.2017

Vår ref.
2017/6698/KABJ/421.3
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

2017/936

Herøy kommune
Frådeling av bustadtomt gnr60 bnr64
Dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Det er søkt om frådeling av bustadtomt på om lag 2,1 dekar innanfor LNF-område. Ut frå kartet ser det ut til at tomte ligg på ein noko eksponert rygg, og høgare i terrenget enn hus i nærleiken. Det bør difor stillast krav til utforming og plassering av huset slik at ein unngår uheldig landskapsverknad.

Samfunnstryggleik

Det står i oversendingsbrevet at det ligg føre ein geofagleg rapport som vedlegg i saka, men vi kan ikkje sjå at dette er tilfelle. Sidan kommunen skriv at geologisk rapport er gjennomført og den konkluderer med tilstrekkeleg tryggleik for S2-tiltak, har ikkje Fylkesmannen vidare merknader til skredfare.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlarar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]

Sendt: 13.11.2017 09:56:05

Til: Brit Berge

Tittel: Herøy kommune - frådeling av bustadtomter gbnr 60/64 - fråsegn ved søknad om dispensasjon frå kommuneplan

Fra: mari.anne.bjorkmann@mrfylke.no [<mailto:mari.anne.bjorkmann@mrfylke.no>]

Sendt: 13. november 2017 09:42

Til: postmottak

Kopi: firmapost-midt@vegvesen.no; fmmrpostmottak@fylkesmannen.no

Emne: Herøy kommune - frådeling av bustadtomter gbnr 60/64 - fråsegn ved søknad om dispensasjon frå kommuneplan

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut i frå sine ansvarsområder ingen særskilte merknader.

Mari Anne Bjørkmann

rådgjevar

plan- og analyseavdelinga

Møre og Romsdal fylkeskommune

Tlf. 71 28 02 40 / 934 58 863

mari.anne.bjorkmann@mrfylke.no

mrfylke.no



Statens vegvesen



Møre og Romsdal
fylkeskommune

PER STÅLE MOLTU
MOLTUVEGEN 241
6076 MOLTUSTRANDA

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/telefon:
Hallvard Sæverud / 93260501

Vår referanse:
17/180417-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
31.10.2017

Fv 10 – Herøy kommune – Gnr. 60 bnr. 64 og 345 – Oppretting av bustadtomt – Utvida bruk av avkøyrsløse

Viser til søknad i brev frå deg av 12.10.2017.

Saka gjeld utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse frå fylkesveg 10 med tanke på oppretting av ny bustadtomt under gnr 60 bnr 64 i Herøy kommune.


Det aktuelle tomtearealet er lokalisert på areal som i kommuneplanen sin arealdel er omfatta av arealkategorien landbruk-, natur- og friluftsføremål (LNF-område), og innanfor faresone for ras- og skredfare.



Utsnitt av kart vedlagt søknaden

Avkøyrsløse

Tomte-
arealet



Utsnitt kommuneplankartet

I og med at eventuell bustadtomt på det aktuelle areal vil vere i strid med arealbruken nedfelt i gjeldande kommuneplan, etter det vi forstår, finn vi ikkje å kunne ta søknaden om utvida bruk av avkøyrsløse opp til nærare vurdering og avgjerd før arealbruken det vert teke sikte på er vurdert og avklara i kommuneplansamanheng.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegane, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegane. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegane på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Dispensasjon frå arealbruken i kommuneplanen må kommunen handsame i samsvar med regelverket i plan- og bygningslova, jf. kapittel 19.

Plan og trafikkseksjonen
Med helsing

Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Hallvard Sæverud

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Herøy kommune i Møre og Romsdal, Postboks 274, 6099 FOSNAVÅG



Oversynskart 60/64

Dato: 26.10.2017

Målestokk: 1:75000

Koordinatsystem: UTM 32N



Tegnforklaring



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	FRASTE	Arkivsaknr:	2017/1402
		Arkiv:	29/215

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
72/17	Maritim og teknisk komite	11.12.2017

MULTIPLAY AS 29/216 - TILTAK AKTIVITETSPARK

Tilråding:

1. Maritim og teknisk komite (MTK) vedtek at det med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert gjeve dispensasjon frå § 4.4 i reguleringsføresegnene til reguleringsplan 200911 – Campus Fosnavåg

Multiplay As får dispensasjon frå gjeldande arealføremål og tilhøyrande føresegner jf. Plan id: 200911 – Campus Fosnavåg (del av gnr. 29 og 37) med tanke på å føre opp næringsbygg på gnr. 29 bnr. 216 ved Campus Fosnavåg i Herøy kommune.

Følgande vilkår for vedtaket:

- Dispensasjon frå reguleringsføresegner har ein gyldigheit på 3 år. Tiltak må være søkt om og bygging starta innan denne fristen.
- Søknad om løyve til tiltak må sendast til Herøy kommune for handsaming og slikt løyve må være gitt før tiltaket kan settast i gang.
- Herøy kommune utfører ein endring av reguleringsplan og reguleringsføresegner snarast og seinast innan 2 år.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 – tre – veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Møre og Romsdal Fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 Molde
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 Molde
Prosjektbygg AS, Postboks 283, 6099 Fosnavåg
Multiplay v/ Ruben Bakke, Nautøya 84 A, 6070 Tjørvåg

Vedlegg:

- 1 Oversiktskart Campus Fosnavåg
- 2 Plassering av bygning i kart
- 3 Ortofoto av plassering av bygning
- 4 Oversikt parkeringsareal
- 5 Teikningar
- 6 Situasjonsplan

Samandrag av saka:

Multiplay AS er eit selskap under skiping og ønsker å etablere seg i Herøy kommune. De ønsker å bygge og drifte eit næringsbygg for innandørs trampolinepark, hinderløype, klatrevegg og tilhøyrande garderober. I samråd med Herøy kommune har dei lokalisert tomt mellomparkeringsareal og veg mot nordvest av Campus Fosnavåg som ideell for føremålet. Tomta er i dag regulert for parkering, men er ikkje opparbeid som parkeringsplass men grøntareal. Dispensasjon frå arealføremål er tilrådd, under vilkår at det vert gjennomført ei reguleringsendring av aktuell tomt innan 2 år.

Saksopplysningar:

Prosjektbygg AS søker på vegne av Multiplay AS om dispensasjon for oppføring av næringsbygg som skal innehalde aktivitetspark på gnr. 29 bnr. 216 ved Campus Fosnavåg. Ønska- og anbefalt plassering av bygning krev dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan 200911 – Campus Fosnavåg.

200911 – Campus Fosnavåg § 4.4, beskriver området som ein del av parkeringsareal for Campus. Det er i dag ikkje opparbeidd parkering på tomten men den er opparbeidd som eit grøntareal mellom parkering P 3 og kommunal veg.

Bygget som ønskast oppført vil innehalde trampolinepark, aktivitetsløyper/ninjaløype, klatrevegg og garderobe og tiltaket i si heilheit vil bygge opp under Campus Fosnavåg som eit attraktivt området for allsidig aktivitet utandørs og innandørs.

Vurdering:

Det er søkt om å føre opp eit næringsbygg på gnr. 45 bnr. 165. Bygget har eit relativt moderne formspråk og ligg innanfor Campus Fosnavåg. Innhald og utforming av bygget vil passe godt inn i eksisterande bygningsmasser og aktivitet på Campus Fosnavåg.

Heimel for å kunne gi dispensasjon etter plan- og bygningslova sine reglar finn ein i pbl § 19-2 andre ledd. For det fyrste må ikkje regelen det dispenserast frå verte vesentleg tilsidesett. I tillegg må fordelane ved dispensasjonen vere klart større enn ulempene. Ein søknad om dispensasjon må vere grunngeven.

Arealet er i reguleringsplanen avsett til parkering, men er ikkje opparbeid til parkering. Behovet for parkeringsplassar ser vi på som dekt på området slik det er pr. i dag. Vi vurderer også tiltaket slik at det ikkje vil gjære det umogleg å utvikle parkeringsområdet P2 i reguleringsplanen vidare om det skal bli aktuelt.

Kotehøgda på Lisjebøvegen som går forbi ligger på kotehøgde mellom ca k+9,0 og k+12,0. Husa langs Lisjebøvegen ligger noko høgare. Antar grunnplan ikkje lågare enn ca. k+15,0. Høgste punktet på denne bygninga vil bli ca. k+18,0m, altså ca. 6m over høgaste punktet på Lisjebøvegen. Mtp avtanden til husa langs Lisjebøvegen meiner vi at dette ikkje vil forringe solforhold, utsikt mm på noko vesentleg måte. Då ser vi vekk i frå huset på 29/73 som er regulert vekk. Høgda k+18,0 er også godt innafor k+20,0 som er maksimal høgde på bygningar i området forøvrig.

I Campus Fosnavåg har Herøy Kommune eit unikt område for ulike aktivitetar. Dette konseptet meiner vi vil passe særst godt inn og at det vil komplettere dei aktivitetane som er der i dag. Dette er også det einaste området som er ledig for eit nybygg.

Saka har vore på høyring hos Fylkesmannen og Fylkeskommunen med følgjande tilbakemelding:

Fylkesmannen:

Etter vår vurdering er tiltaket av ein slik karakter at det bør vurderast gjennom ei omregulering, slik at alle forhold blir belyst og vurdert og arealbruken i området blir mest mogleg gjennomtenkt. Det er store parkeringsareal i tilknytning til området, og gjennom ein reguleringsprosess kunne ein fått vurdert trafikktilhøva/bygningsplasseringa slik at ein vel den beste løysinga i ei vidare utvikling av området.

Fylkeskommune:

Vi rår primært til at kommunen gjer endringa av reguleringsplanen før ein legg til rette for tiltaket. Dette for å kunne diskutere plassering i forhold til heile Campus Fosnavåg og i kommunen som heilheit. Vi er noko skeptisk til plasseringa slik ho er presentert i oversende kart, det ser ikkje heldig ut i forhold til parkering og tilkomst. Vi rår derfor til at ein ser på heilskapen i prosjektet allereie no.

Konklusjon:

Ein kan ikkje sjå særlege ulemper ved ein dispensasjon i dette høvet, og fordelane for tiltakshavar er klart større enn ulempene då aktivitet i bygget vil bygge opp under allereie etablerte aktiviteter i Campus Fosnavåg. Bygget er tilpassa omgjevnadane og plasserast i terrenget på ein måte som ikkje gjer bygget dominerande for naboar og området rundt. Det er i søknad om dispensasjon skissert ei maks kote på topp bygning på +18,0 m. I reguleringsføresegner for området er det satt maks kote på +20,0 m. Kotehøgde på kommunal veg som går forbi er mellom +9,0 og +12,0.

Parkering er stetta gjennom eksisterande parkeringsplasser i området og det er også moglegheit å utvide parkeringsplass P 3. Det er også nylig etablert ny tilkomstveg til området som ivaretek trafikkavvikling på ein trygg måte. Det vil i forbindelse med bygging etablerast fortau langs veg frå parkering P3 og opp til eksisterande fortau (sjå skisse vedlagt) som i større grad sikrar fotgjengarar frå parkering P3 og opp til badeland/kulturhus.

Herøy kommune imøtekjem delvis Fylkesmann og Fylkeskommune sine anbefalingar om reguleringsendring og setter som vilkår at ei slik endring må gjørast innan 2 år etter dette vedtakets dato.

Rådmannen rår Maritim- og teknisk komité til å imøtekome søknaden om dispensasjon frå arealføremål parkering § 4.4 i reguleringsføresegnene til 200911 – Campus Fosnavåg, og gi løyve til oppføring av næringsbygg på gnr. 29 nr. 216 i samsvar med søknad om dispensasjon datert 25.11.2017.

Fosnavåg, 30.11.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller

Sakshandsamar: Frank Robert Stenersen

/// → Viser tenkt plassering av bygning.




Overordna kart- Campus Fosnavåg

Dato: 25.10.2017

Målestokk: 1:1500

Koordinatsystem: UTM 32N



Tegnforklaring

Reguleringsplan-Byggeområde (PBL1985)			
	Område for bustader med tilhøyrande anlegg		Formålsgrense
	Frittliggjande småhusbuseiendomsområde		Byggjegrænse
	Konsentrert småhusbuseiendomsområde		Planlagt buseiendomsområde
	Offentleg institusjon (sjukehus, gamlehus)		Bygningar som inngår i planen
	Offentleg kyrkje		Bygningar som skal fjernast
Reguleringsplan-Offentlege trafikkområde			Regulert senterlinje
	Kjøreveg		Frisiktslinje
	Anna veggrunn		Regulert kantkjørebane
	Gang-/sykkelveg		Regulert parkeringsfelt
	Gangveg		Regulert støyskjerm
	Parkeringsplass		Regulert støttemur
	Anna trafikkområde (på land)		Tunnel
Reguleringsplan-Friområde (PBL1985 § 2)			Målelinje/avstandslinje
	Friområde		Avkjørsel
Reguleringsplan - Spesialområde (PBL1985 § 2)		Abc	Påskrift feltnavn
	Frisiktsone ved veg	Abc	Påskrift reguleringsformål/arealformål
Reguleringsplan-Fellesområde (PBL1985 § 2)		Abc	Påskrift areal
	Felles avkjørsel	Abc	Påskrift utnytting
	Felles leikeareal for barn	Abc	Påskrift breidde
Reguleringsplan - Kombinerte formål (PBL1985 § 2)		Abc	Påskrift kotehøgde
	Bustad/Offentleg	Abc	Påskrift plantilbehør
	Forretning/Kontor/Industri	Abc	Regulerings- og utbyggingsplan - påskrift
	Kontor/Industri	Eiendomsinformasjon	
Reguleringsplan PBL 1985 - linjer og punkt			Sikker grense - koordinatfesta
	Formålspunkt		Usikker grense - ikkje koordinatfesta
	Grense for restriksjonsområde		Fiktiv grense - ikkje koordinatfesta
	Restriksjonspunkt		Eiendomsteig
Reguleringsplan-Bygningar og anlegg (PBL1985 § 2)		Abc	Gårds- og bruksnummer
	Bustader - frittliggjande småhus	Matrikkel Tiltak (Avgjørelser i enkeltsaker)	
	Undervisning		Godkj. Nybygg
	Institusjon		Godkj. Tilbygg
	Kyrkje/anna religionsutøving		Omriss Tiltak
	Anna tenesteyting	Abc	Godkj. Nyb./Tilb./Påb.
	Idrettsstadion	Bygninger	
Reguleringsplan-Samferdselsanlegg og t			Bygningsdelelinje
	Kjøreveg		Grunnmur
	Fortau		Taksprang/Bunn
	Gang-/sykkelveg		Bygning - Boligbygg
	Annan veggrunn - tekniske anlegg		Bygning - Andre bygg
	Annan veggrunn - grøntareal		Annen bygning
	Kollektivhaldeplass		Bygning punkt
	Parkeringsplassar		Takplata
Reguleringsplan- Landbruks-, natur- og			Takriss
	Naturformål		Takoverbygg
	Friluftformål		Takoverbygg kant
Reguleringsplan-Omsynsoner (PBL2008)			Trapp inntil bygg, kant
	Faresone - Høgspenningsanlegg (inkl. h		Veranda
	Sikringsone - Frisikt		Bygningslinje
	Angittomsynsone - Randområde til nasjon		Taksprang
Reguleringsplan- Føresegnsområde (PBL1985 § 2)			Mønelinje
	Føresegnsområde - Anlegg- og riggområde		Låvebru
	Føresegnsområde		Bygningsbru
Reguleringsplan-Juridiske linjer og punkt		Adresser	
	Sikringssonегrense	Abc	Matrikeladresse
	Angittomsyngrense	Abc	Gateadresse
	Føresegnsgrense	Abc	Adressepunkt tekst
Reguleringsplan - Felles for PBL 1985 og			Regulerings- og utbyggingsplanområde
	Planen si avgrensing		Faresonegrense
	Faresonegrense		

//// - tenkt plassering nytt bygg.



Plassering aktivitetspark - Campus Fosnavåg



Dato: 25.10.2017

Målestokk: 1:1000

Koordinatsystem: UTM 32N



Tegnforklaring

Reguleringsplan-Byggeområde (PBL1985 § 2)			Sikker grense - koordinatfesta
	Område for bustader med tilhøyrande anlegg		Usikker grense - ikkje koordinatfesta
	Offentleg institusjon (sjukehus, gamleheim, offentleg kyrkje)		Fiktiv grense - ikkje koordinatfesta
Reguleringsplan-Offentlege trafikkområde (PBL1985 § 2)			Eiendomsteig
	Kjøreveg	Abc	Gårds- og bruksnummer
	Anna veggrunn	Matrikkel Tiltak (Avgjørelser i enkeltsaker)	
	Gang-/sykkelveg		Godkj. Nybygg
	Gangveg		Godkj. Tilbygg
	Parkeringsplass		Omriss Tiltak
	Anna trafikkområde (på land)	Bygninger	
Reguleringsplan-Fellesområde (PBL1985 § 2)			Bygningsdelelinje
	Felles avkjørsel		Grunnmur
Reguleringsplan-Bygningar og anlegg (PBL2008 § 12)			Taksprang Bunn
	Bustader - frittliggjande småhus		Bygning - Boligbygg
	Undervisning		Bygning - Andre bygg
	Institusjon		Annen bygning
	Anna tenesteyting		Bygning punkt
	Idrettsstadion		Takplatå
Reguleringsplan-Samferdselsanlegg og tekn			Takriss
	Kjøreveg		Takoverbygg
	Gang-/sykkelveg		Takoverbygg kant
	Annan veggrunn - tekniske anlegg		Trapp inntil bygg, kant
	Annan veggrunn - grøntareal		Veranda
	Parkeringsplassar		Bygningslinje
Reguleringsplan- Landbruks-, natur- og friluft			Taksprang
	Naturformål		Mønelinje
	Friluftformål		Bygningsbru
Reguleringsplan-Omsynsoner (PBL2008 § 12)		Adresser	
	Sikringsone - Frisikt	Abc	Matrikeladresse
Reguleringsplan- Føresegnssområde (PBL2008 § 12)		Abc	Gateadresse
	Føresegnssområde - Anlegg- og riggområde	Abc	Adressepunkt tekst
	Føresegnssområde		
Reguleringsplan-Juridiske linjer og punkt PE			
	Sikringssonегrense		
	Føresegnsgrense		
Reguleringsplan - Felles for PBL 1985 og 2008			
	Regulerings- og utbyggingsplanområde		
	Planen si avgrensing		
	Formålsgrænse		
	Byggjegrænse		
	Planlagt busetnad		
	Bygningar som inngår i planen		
	Bygningar som skal fjernast		
	Regulert senterlinje		
	Frisiktslinje		
	Regulert kant kjørebane		
	Regulert parkeringsfelt		
	Regulert støyskjerm		
	Regulert støttemur		
	Tunnel		
	Målelinje/avstandslinje		
	Avkjørsel		
Abc	Påskrift feltnavn		
Abc	Påskrift reguleringsformål/arealformål		
Abc	Påskrift areal		
Abc	Påskrift breidde		
Abc	Påskrift kotehøgde		
Abc	Påskrift plantilbehør		
Abc	Regulerings- og utbyggingsplan - påskrift		
Eiendomsinformasjon			

tomt for plassering av bygning



Ortofoto

Dato: 25.10.2017

Målestokk: 1:1000

Koordinatsystem: UTM 32N








Multiplay - Parkering / overordna kart


Dato: 23.11.2017


Målestokk: 1:1500


Koordinatsystem: UTM 32N


 Parkering i området
 Plassering tiltak





















TERRENGSNITT



Prosjektnavn:

"AKTIVITETSPARK"

Gnr:

Bnr:

29

215 og 71/214/218

Teikning:

SITUASJONSPLAN

Målestokk:

1:500

Utarbeida av:

PROSJEKTBYGG AS
v/ Karl-Bjarte Vike
24.10.2017



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	FRASTE	Arkivsaknr:	2017/1495
		Arkiv:	25/98

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
73/17	Maritim og teknisk komite	11.12.2017

ELISE OG BJØRNAR LEINE KVALSUND 25/98 TILTAK TILKOMSTVEG

Tilråding:

1. Maritim og teknisk komite (MTK) vedtek at det med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert gjeve dispensasjon frå regulert vegstandard i § 5-1 – Veg, offentlig i plan ID: 201258 – Indre Leine Bustadfelt.

B. Tarberg As får dispensasjon for bygging av veg med standard som tilkomstveg i staden for samleveg som er regulert for gnr. 25 bnr. 98.

Vedtaket vert gitt med følgende vilkår:

- a. Vegen byggast etter A1 standard i Herøy kommune sin vegnormal.
- b. Dersom fleire skal knytte seg på vegen blir det ikkje gitt løyve til dette før vegen er oppgradert slik at den stettar reguleringsbestemmelsane for samleveg.

Særutskrift:

B. Tarberg As, Tarbergvegen 3, 6076 Moltustranda
Bjørnar Kvalsund og Elise Leine, Nedre Sørliå, 6092 Fosnavåg

Vedlegg:

Vedlegg

- 1 201730_3D Visualisering av tilkomstveg
- 2 201730_Kart som viser kor langt vegen skal byggast
- 3 201730_Søknad om dispensasjon tilkomstveg_PDF
- 4 Situasjon no
- 5 Situasjon ny

Samandrag av saka:

Eigarar av gnr. 25 bnr. 98 søker om dispensasjon og løyve til å bygge tilkomstveg til sin tomt på Leinane. Vegen er regulert i reguleringsplan for Indre Leine, plan id: 201258 som ein samleveg med tilhøyrande standard. Grunneigar meiner det blir uforholdsmessig dyrt å bygge veg etter slik standard for tilkomst til ei tomt som er aktuell for bygging i denne omgang.

Grunnen til det søkjast om dispensasjon er utforming av tomt og plassering av garasje/bustad og utnytting med tanke på krav om framtidig tilknytting til regulert veg.

Saksopplysningar:

B. Tarberg AS søker på vegne av tiltakshavar om dispensasjon frå regulert vegstandard i § 5-1 – Veg, offentlig i plan ID: 201258 – Indre Leine Bustadfelt. Veg er regulert som samleveg for eit større felt med tomter, men for at tiltakshavar skal få bygget på sin tomt og opparbeid sin tomt med tanke på framtidig tilknytting til regulert veg, ønsker han nå å bygge delar av den regulerte vegen med A1 standard for tilkomstveg til sin eigedom.

Det er i frådelingsvedtak for tomt(25/9) lagt føre ein vegrett frå gnr. 25 bnr. 4 med tilkomst til tomt (25/9) frå vest, med klausul om tilknytting til ny regulert samleveg når den blir bygget. Tomt (25/9) ligger i skrått terreng og eigar ønsker å bygge ein bustad med garasje på tomte. I og med at tomt er noko bratt gir dette utfordringar med etablering av garasje og parkering. Etablerast parkering og garasje mot øst vil dette gi vanskar med tilkomst til veg mot vest og etablerast den mot vest vil det gi vanskar med tilkomst mot øst (seinare). Derfor ønskast det å få tilkomst til tomt frå øst nå slik at garasje og parkering kan etablerast her.

Grunngjeving for bygging av veg i denne dimensjonen vil vere knytta til vegen sin funksjon og det som vegen her skal tene. Vegen blir bygd som tilkomstveg til 1 stk bustadtomt gnr. 25 bnr. 98 og vil vere dimensjonert ut i frå behov og belastning som tomte vil ha på vegen. Bygging av ein veg etter regulert samlevegstandard, vil etter

vår vurdering, medføre uforholdsmessig store byggekostnader for grunneigar. Det vil også vere ei unødvendig dimensjonering av vegen ettersom vegen berre skal tene som tilkomst til den konkrete bustadtomta.

Vurdering:

Det er søkt om dispensasjon for å bygge ein veg med A1 standard istadenfor samlevegstandard i samsvar med § 5 i reguleringsplan/føresegner.

Heimel for å kunne gi dispensasjon etter plan- og bygningslova sine reglar finn ein i pbl § 19-2 andre ledd. For det fyrste må ikkje regelen det dispenserast frå verte vesentleg tilsidesett. I tillegg må fordelane ved dispensasjonen vere klart større enn ulempene. Ein søknad om dispensasjon må vere grunngeven.

Planlagt veg blir bygget i trase for regulert veg og byggast på ein slik måte at den seinare vil kunne graderast opp til regulert standard. Tiltaket er i samsvar med føremålet veg og dispensasjonen vil derfor ikkje vesentlig tilsidesette planens føremål.

Det vil også vere klart større fordelar enn ulemper for søkjar å få bygge vegen fram til tomta ettersom dette vil utløyse tilkomst og gi grunnlag for realisering av bustadhus.

Konklusjon:

Ein kan ikkje sjå særlege ulemper ved ein dispensasjon for dette tiltaket og fordelane er klart større en ulempene. Vegen blir bygget i regulert trase og det vil settast vilkår om at ved vidare utbygging av feltet vil vegen måtte graderast opp til regulert standard.

Refusjonsordning for offentlig infrastruktur, jfr. Plan- og bygningslova kap. 18, gjelder berre for ubebygget areal og vil soleis truleg ikkje gjelde for denne tomta ved framtidig utbygging av infrastruktur.

Rådmannen rår Maritim- og teknisk komite til å imøtekomme søknaden om dispensasjon frå vegstandard i § 5.1 offentlig veg, og gi løyve til oppføring av veg med A1 standard jf. Herøy kommune sin vegnormal på gnr. 25 nr. 98 i samsvar med søknad om dispensasjon datert 23.11.2017.


Fosnavåg, 30.11.2017


Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann


Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Frank Robert Stenersen

3D Visualisering – Veg i terreng







23/11/17 AZT.



Horisontalkurvatur tilkomstveg			
Date	Konstr./Regnet	Godkjent	Målestokk
12.09.2017			
Bjørnar Kvalsund Tomt 25/98			Erstatning for
			Erstatlet av
			907
Henvisning:	Beregning		B. Tarberg AS


Herøy kommune
v/Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Søknad om dispensasjon frå vegstandard i reguleringsplan for bygging av tilkomstveg til gnr. 25 bnr. 98

På vegne av grunneigar Bjørnar Kvalsund og Elise Leine søker vi om dispensasjon og løyve til bygging av tilkomstveg fram til tomt gnr. 25 bnr. 98.

Dispensasjon frå vegstandard i reguleringsplan:


Vi søker om dispensasjon frå regulert vegstandard i reguleringsplan for Indre Leine, ein vegstandard som er regulert som samleveg med 5.0 meter køyrebredde.



Utsnitt av gjeldande reguleringsplan

Grunngjeving for dispensasjon:

Vi søkjer om bygging av veg fram til tomta frå Støylavegen slik det er omtalt i søknaden. Det blir søkt om bygging av veg med standard som tilkomstveg i staden for samleveg som er regulert. Tilkomstvegen blir bygd etter A1 standard i Herøy kommune sin vegnormal.



Utsnitt frå Herøy kommune sin vegnormal

Grunngjeving for bygging av veg i denne dimensjonen vil vere knytta til vegen sin funksjon og det som vegen her skal tene. Vegen blir bygd som tilkomstveg til 1 stk bustadtomt gnr. 25 bnr. 98 og vil vere dimensjonert ut i frå behov og belastning som tomta vil ha på vegen.

Bygging av ein veg etter regulert samlevegstandard, vil etter vår vurdering, medføre uforholdsmessig store byggekostnader for grunneigar. Det vil også vere ei unødvendig dimensjonering av vegen ettersom vegen berre skal tene som tilkomst til den konkrete bustadtomta.

Det vil vere klart større fordelar enn ulemper for søkjar å få bygge vegen fram til tomta ettersom dette vil utløyse tilkomst og gi grunnlag for realisering av bustadhus. Vi kan ikkje sjå at bygging av vegen vil vere vesentleg tilsidesette formålet bak den føresegna det her vert dispensert frå. Vegne følgjer regulert trase og det vil kunne vere mogleg å bygge vidare veg i regulert trase ved ei seinare anledning.

Aleksander Z. Tarberg

Aleksander Zahl Tarberg
B. Tarberg AS

Vedlegg 1: Kart som viser kor lagt vegen skal byggast.




25/98 - Dagens situasjon





Dato: 04.12.2017

Målestokk: 1:1500





Koordinatsystem: UTM 32N



Tegnforklaring

-  100-års gjentaksintervall
-  1000-års gjentaksintervall
-  5000-års gjentaksintervall
-  Faregrense

Ledningsnett Vann og avløp

-  Septiktank
-  Kommunal fellestank
-  Spillvannsledning
-  Tekst på ledning

Eiendomsinformasjon

-  Sikker grense - koordinatfesta
-  Usikker grense - ikkje koordinatfesta
-  Fiktiv grense - ikkje koordinatfesta
-  Eiendomsteig
-  Gårds- og bruksnummer



25/198 - ny veg




Ønska veg

Dato: 04.12.2017





























































































Målestokk: 1:1500

Koordinatsystem: UTM 32N



© 2017 Norkart AS/Geovekst og kommunene/NASA. Meti © Mapbox © OpenStreetMap

Tegnforklaring

	100-års gjentaksintevall			
	1000-års gjentaksintevall			
	5000-års gjentaksintevall			
	Faregrense			
	Ledningsnett Vann og avløp			
	Septiktank			
	Kommunal fellestank			
	Spillvannsledning			
	Abc Tekstpåledning			
	Reguleringsplan-Byggeområde (PBL1985 § 2)			
	Område for bustader med tilhørende anlegg			
	Frittliggende småbustehus			
	Område for særskilt angitt allmenningformål			
	Reguleringsplan-Offentlege trafikkområde (PBL1985 § 25, 1.)			
	Kjøreveg			
	Gang-/sykkelveg			
	Gangveg			
	Parkeringsplass			
	Kai			
	Hamneområde i sjø			
	Reguleringsplan-Friområde (PBL1985 § 25, 1.)			
	Turveg			
	Reguleringsplan - Spesialområde (PBL1985 § 25)			
	Friluftsområde (på land)			
	Anna spesialområde			
	Reguleringsplan-Fellesområde (PBL1985 § 25)			
	Felles avkjørsel			
	Reguleringsplan - Kombinerte formål (PBL1985 § 25)			
	Forretning/Kontor/Industri			
	Reguleringsplan-Bygninger og anlegg (PBL2008 § 12)			
	Bustader - frittliggende småhus			
	Andre kommunaltekniske anlegg			
	Leikeplass			
	Reguleringsplan-Samferdselsanlegg og teknisk			
	Køyevveg			
	Gang-/sykkelveg			
	Gangveg/gangareal/gågate			
	Annann veggrunn - tekniske anlegg			
	Annann veggrunn - grøntareal			
	Parkeringsplassar			
	Reguleringsplan-Grøntstruktur (PBL2008 § 12)			
	Friområde			
	Reguleringsplan-Omsynsomer (PBL2008 § 12)			
	Sikringsone - Frisikt			
	Infrastrukturzone - Rekkjefølgjekrav grøntstruktur			
	Angittomsynsone - Bevaring kulturmiljø			
	Bandlegging etter lov om kulturminne			
	Reguleringsplan-Føresegningsområde (PBL2008 § 12)			
	Føresegningsområde			
	Reguleringsplan-Juridiske linjer og punkt PBL			
	Sikringsonegrense			
	Infrastrukturgrense			
	Angittomsynsgrense			
	Bandleggingsgrense noverande			
	Føresegnsgrense			
	Reguleringsplan - Felles for PBL 1985 og 2008			
	Regulerings- og utbyggingssplanområde			
	Planen si avgrensing			
	Formålsgrense			
	Regulertomtegrense			
	Eigedomsgrense som skal opphevast			
	Byggiegrense			
	Byggjelinje			
	Planlagt bustehus			
	Bygningar som inngår i planen			
	Bygningar som skal fjernast			
	Regulert senterlinje			
	Frisiktslinje			
	Regulert kant kjørebane			
	Regulert parkeringsfelt			
	Mållinje/ avstandlinje			
	Stenging av avkjørsel			
	Avkjørsel			
	Regulert mønneretning			
	Påskrift feltt aun			
	Påskrift reguleringsformål/arealformål			
				
				
				
				
				
				
				
				
				
				
				
				
				
				
				
				

Delegerte saker frå avdelingane

**DS 68/17 Moltustranda grunneigarlag 60/ Løyve til tiltak 17.11.2017
00:00:00 MOLTUSTRANDA GRUNNEIGARLAG BA**

**DS 69/17 Ferdigattest - 4/291- Einebustad 22.11.2017 00:00:00
BYGGENHEIM AS**

**DS 70/17 Mellombels bruksløyve - 26/237 - 4-mannsbustad 22.11.2017
00:00:00 TØMRER SERVICE AS**

**DS 71/17 Ferdigattest riving av bygg - 33/127 27.11.2017 00:00:00
BERGES BYGG MALVIN BERGE**

**DS 72/17 Ferdigattest - 42/11 seksjon 3 - Innvendig arbeid naust
27.11.2017 00:00:00 Sissel Vigdel**

**DS 73/17 Mellombels bruksløyve - 48/86 - Seksjon B 29.11.2017 00:00:00
Sunnmørshus as**

**DS 74/17 Kari Åse Homme - 31/34 - Støyskjerm mot veg 30.11.2017
00:00:00 BYGG & SYSTEM AS**

**DS 75/17 Mellombels bruksløyve - 30/84 og 83 - Del av 2-mannsbustad
seksjon C 04.12.2017 00:00:00 Sunnmørshus as**

**DS 76/17 Ferdigattest - 60/454 m fl - Myrabakken bustadfelt 04.12.2017
00:00:00 AG PLAN OG ARKITEKTUR AS**

**DS 77/17 Ferdigattest- 56/108 - seksjon nr 1 og 2 24.11.2017 00:00:00
TØMRER SERVICE AS**

**DS 78/17 Ferdigattest - 59/48+68 - lagerbygg med kontordel 24.11.2017
00:00:00 B.Tarberg as**

**DS 79/17 Ferdigattest - 37/426 - Omsorgsbustadar 24.11.2017 00:00:00
PROSJEKTBYGG AS**

**DS 80/17 Ferdigattest piperehabilitering - 12/225 22.11.2017 00:00:00
CEMENTPRODUKT AS**

**DS 81/17 Jorunn og Harald Sørdal 46/92 - Midlertidig bruksløyve
21.11.2017 00:00:00 HEDALM ANEBYHUS AS**

**DS 82/17 Dragsund verkstedbygg as - 45/184 - IG heis 22.11.2017
00:00:00 SPORSTØL ARKITEKTER AS**

**DS 83/17 Anita og Per Ståle Fiskerstrand 62/53 - Løyve til tiltak
20.11.2017 00:00:00 HANDVERKSBYGG AS**

**DS 84/17 Moltustranda Båtforening 62/48 - Løyve til tiltak 21.11.2017
00:00:00 André Nerlid Gjerde**

**DS 85/17 Prosjektbygg AS 33/51 -Ferdigattest riving 22.11.2017 00:00:00
BUCCI ARKITEKTUR & DESIGN AS**

**DS 86/17 Mørebygg AS 4/288 B1-A - Midlertidig bruksløyve 23.11.2017
00:00:00 NORHUS AS**

**DS 87/17 Ferdigattest innreiing loft - 4/256 27.11.2017 00:00:00
SUNNMØRSHUS AS**

DS 88/17 Ferdigattest - 60/36 - Tilbygg/ombygging 27.11.2017 00:00:00

RONNY TENNFJORD AS